

LOKAL ÅRSPLAN OG INFORMASJONSKALENDER

2026 / 2027



Telefon: 478 13 001 (dagleg leiar Torild Hole)

Følg oss gjerne på facebook og instagram:
«Velledalen Naturbarnehage sa»

E-post: styrar@velledalen-naturbarnehage.no

Kva er ein naturbarnehage og kva skil oss frå andre barnehagar?	s.	3
Dyrehald	s.	5
Mattilbod	s.	6
Pedagogisk grunnsyn, formålet til barnehagen, foreldresamarbeid	s.	8
Barnehagen ein plass for den gode barndom – verdigrunnlag	s.	9
Trygg tilknytning i barnehagen- Circle of Security COS	s.	10
Montessoripedagogikk i Velledalen Naturbarnehage	s.	11
Førskulegruppe , vanntilvenning og førskuledagar	s.	12
Plan for overgang barnehage og skule	s.	12
Årsplanen eit styringsdokument	s.	13
Rammeplanen og dei sju fagområda	s.	13
Solid Start Sykkylven	s.	15
Planlegging, dokumentasjon og vurdering	s.	16
Biletgalleri gjennom året	s.	17
August – Velkommen	s.	18
September – Stopp ikkje mobb – Brannvern	s.	20
Oktober -Hausttakkefest / FN -kafe	s.	22
November – Adventsfrukost	s.	24
Desember – Gudsteneste – Julefest – Nissemarsj	s.	26
Januar - Godt Nytt År!	s.	28
Februar – Fastelavn/karneval/feitatysdag	s.	30
Mars - påskefrukost og påske	s.	32
April – Vårteikn	s.	34
Mai – 17. mai feiring på barnehagen	s.	36
Juni – Sommar og sommaravslutning	s.	38
Juli /August	s.	40
Om Velledalen Naturbarnehage SA	s.	42
Kontaktinformasjon/opningstid	s.	42
Sykkylven ei trafikk sikker kommune	s.	43
Teieplikt og opplysningsplikt	s.	43
Barnehagens psykososiale miljø	s.	43
Samarbeidspartnarar	s.	43
Barnehagerute	s.	44



KVA ER EIN NATURBARNEHAGE OG KVA SKIL OSS FRÅ DEI ANDRE BARNEHAGANE I SYKKYLVEN KOMMUNE?

Barn har fantasi, nysgjerrigheit og oppdagelsestrong som vi vaksne har mist. Barn kan oppfatte ein stor stein som eit klatrefjell som ein kan sigre over. Ei nedbøygde bjørkegrein kan verte ein ypperleg ridehest og ein velta trestamme kan verte ei bru som det er spennande å balansere over. Under ei stor og lubba gran kan det bli ei kjempeflott hytte.

For barn er fred og ro viktig. Dei treng tid og rom til å leike uforstyrra. Å kunne gjere seg ferdig med ein aktivitet før ein skiftar til ein annan er viktig. Det er lettare å få til i ein naturbarnehage enn i ein tradisjonell barnehage. I naturbarnehagen finn barna sjølv rolege, vekkøynde stader der dei kan vere i fred, pusle med sine egne ting uforstyrra og få lov til å vere i si eiga verd. Naturbarnehagen gir moglegheiter for kreativ leik. Barna kan leike i ei atmosfære med naturen sine lydar, lukter og stemningar.



Å gå på tur i naturen med barnegruppa inneber mykje meir enn å gå frå ein stad til ein anna. Barna får vere med å planlegge, dei får ansvar for utstyr og for kvarandre. Mange spørsmål kan melde seg : Korleis vert veret? Passar det med kort eller lang tur? Kjend eller ukjend plass? Kvar er det finast akkurat i dag? På tur med barnehagen er det viktig å ta mange pausar. Små møteplassar gjer at turen verkar kortare.



Å bli sliten , kald og tørst.

Ved å vere ute heile året erfarer barna at dei kan ha det bra både når det regnar, snøvar, bles og er kaldt. Dei oppdagar at vottar er varmare enn fingervantar og at det er ubehageleg å bli våt på føttene. Etter kvart lærer dei at ikkje alle typar sko passar til regn og slaps.



Å kjenne regn og vind mot kalde kinn kan kjennast friskt, og det kjennast godt å bli tørr og varm ved eit bål. Nokre gongar er det og godt å bli litt sliten, svett og svolten. Barn i barnehagen treng noko å strekkje seg etter, og vi må gi barna kontrastar og utfordringar.

«Ser man litt nøyere etter, så skjer det jo masse i naturen. På en kvadratmeter setereng, hva som skjer der, det er nok for et langt liv. I motsetning til en kvadratmeter gulvflate, det skjønner selv små barn» Arne Næss



DYREHALD

I barnehagen har vi både kaninar og høner. Dei to kaninane Zuma og Olivia bur oppe ved barnehagen. Her har dei eit innegjerda område og isolert hus. Barna tek del i mating og reingjering av kaninbur kvar dag.



Nede på marka har vi hønsehus med hønsegard rundt. I tillegg til å gå fritt ute i hønsegarden slepper vi ut hønene slik at dei fritt kan gå på heile marka. Vi let dei inn att på ettermiddagen. Vi har dei to siste åra lagt egg under hønene som vert ruga ut til kyllingar.

Barnehagen held seg med egg som vi nyttar til matlaging på barnehagen. Her vert dei lekraste eggerettar trylla fram. Barna tek del i reingjering av hønsehus og mating av hønene. I helgar og høgtider er det foreldra ved barnehagen som har ansvar for pass og stell av dyra.



Barnehagen tek og turar på besøk til fjøsar i nærområdet og barna får helse på kyr og kalvar, sauder og lam. Vi har og hatt besøk av dyr frå Sølmondgarden på Straume i Straumgjerde og frå Jogarden på Brudevoll i Velledalen. Dei har hatt med seg geiter og geitekillingar som barna har fått leika og kosa med.



MATTILBODET VED BARNEHAGEN

Barnehagen tilbyr tre måltider i barnehagen, frukost, lunsj og fruktmåltid. Frukosten vert servert kl. 08.00-08.30. Til frukost serverer vi heimebaka brød 2-3 dagar, frukostblanding 1dag, knekkebrød 1 dag og havregrynsgraut på fredagane. Vi serverer variert pålegg og vi følgjer kosthaldsråda for barnehage frå helsedirektoratet.



Vi har varmlunsj to dagar i veka, måndag og torsdag. Vi har planlagt ein meny basert på kortreist mat og reine råvarer. På menyen står blant anna: Heime laga tomatsuppe med fullkornspasta og egg frå våre eigne høner, fiskekaker med squash, paprika og mais, couscoussalat med raude linser, svarte bønner og wraps, lavasuppe med torsk, kjøtbollar med potet, grønnsaker og brun saus, blomkål- og brokkoligrateng, plukkfisk og kyllinggryte med karri og fullkornsrís, storfefurger og laks.

Oppskrifter og menyforslag hentar vi blant anna frå www.matjunglen.no.



Barna på avdeling Geita tek del i laging av varmmat, dekke bord og smørje egne skiver.



Barnehagen er frukt og grønt barnehage. Dette inneber at barna får frukt og/eller grønt til alle måltid.



Til fruktmåltidet serverer vi yoghurt med havregryn, knekkebrød/brød og frukt og grønnsaker. Barna får alltid tilbod om vatn til alle måltid i tillegg til mjølk.

Kostpengar utgjør pr. i dag kr. 600,- pr. mnd pr. barn.

PEDAGOGISK GRUNNSYN

Velledalen Naturbarnehage SA ønskjer å skape ein barnehagekvardag med humor og glede, der barna får vere undrande og nyfikne i eit trygt og utfordrande miljø. Miljøet skal vere tilrettelagt for meistring på ulike nivå. Barna skal få vere aktive og utforskande, og vi vil arbeide for å utvikle den sosiale kompetansen hos barna.

Velledalen Naturbarnehage SA skal skape eit inkluderande miljø, der barna får gode venner, kjenner seg trygge og utviklar eit positivt sjølvbilde.

FORMÅLET TIL BARNEHAGEN

Formålet til barnehagen er å ivareta barna sine behov for lek og omsorg, og å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, i samarbeid og forståing med heimen til barna (bhgl. §1, 1. ledd)

FORELDRESAMARBEID

Det er i første rekke foreldra sitt ansvar å sikre barna ein trygg oppvekst, og det er i heimen barna har si djupaste kjenslemessig forankring. Barnehagelova byggjer på foreldreretten og seier at verksemda skal utformast i « **nær forståing og samarbeid med heimen til barna.**» For barnehagen og dei tilsette er det særskild viktig å utvikle ein open og god kommunikasjon med heimen. Det skal vere tid og rom for informasjonsutveksling mellom føresette og personalet.

Uformelt foreldresamarbeid skjer gjennom den daglege kontakta mellom personalet og foreldra. Det formelle samarbeidet skjer gjennom foreldremøter og foreldresamtalar.

Foreldreråd

§12 i selskapsvedtektene til barnehagen omhandlar foreldrerådet sine oppgåver og samansetting. Foreldrerådet (FAU) skal fremje

fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet består av foreldra/føresette til alle barna i barnehagen.

Foreldrerådet vel **to** representantar til **samarbeidsutvalet (SU)**.

Foreldreråd skal haldast minst ein gong i året, og ved avstemming i foreldrerådet vert det gitt ei stemme for kvart barn og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Samarbeidsutvalet (SU)

SU skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordna organ. SU skal handsame saker og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, for verksemda og for foreldra. Saker som gjeld tilsetting, opptak av barn og liknande skal ikkje handsamast av SU jmf §11 i selskapsvedtektene for barnehagen.

SU består av to representantar frå foreldra og to representantar frå dei tilsette. I tillegg kan styreleiar møte. Dagleg leiar er sekretær for utvalet.

Årsmøte i barnehagen

Det er årsmøte i barnehagen kvart år i april. Som medlemmar i barnehagen har kvart foreldrepar ei stemme på årsmøtet. Det er viktig at de som foreldre møter i barnehagen sitt øverste organ og er med å påverkar framtida til barnehagen.

VELLEDALEN NATURBARNEHAGE – EIN PLESS FOR DEN GODE BARNDOM

Vi håper å gje barn og vaksne ein spennande, utfordrande og lærerik kvardag i Velledalen Naturbarnehage SA.

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen, og bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og lek. Barnehagen skal førebu barna til aktiv deltaking i samfunnet og vere med å legge grunnlaget for eit godt liv.



BARNEHAGEN SITT VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Alle barnehagar skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til, td FN konvensjonen om rettane til barnet (barnekonvensjonen) og ILO konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.

Å møte barnet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrighet, anerkjening, og sikre at barnet får ta del i og medverke i fellesskapet er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremme demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

**TRIVSEL – GLEDE – TRYGGLEIK - LEIK - OMSORG -LÆRING –
DANNING -FELLESSKAP**


Desse orda er svært dekkande for kva vi står for, kva vi vil formidle og korleis vi vil ha det her i Velledalen Naturbarnehage.



TRYGG TILKNYTING I BARNEHAGEN – BETYDNINGA AV VAKSEN-BARN RELASJONEN FOR UTVIKLINGA TIL BARNA.

Kvaliteten på relasjonen mellom barna og deira omsorgspersonar har stor betydning for den psykiske helsa til barna. Foreldre og føresette er dei som står barnet nærast og danner difor den viktigaste ramma rundt barn si utvikling. Barn i dag tilbringer mykje tid i barnehagen og dei tilsette i barnehagen spelar ei viktig sekundærrolle i barna si utvikling. I Velledalen Naturbarnehage har vi hatt eit samarbeid med Helsestasjonen i Sykkylven kommune om kurs i tryggleikssirkelen. Personalet har og hatt kurs gjennom helsestasjonen i tryggleikssirkelen (Circle of Security).

Tryggleikssirkelen kan forståast både som ei tilnærming, ein modell og ein konkret metode for å utvikle trygg tilknytning. Denne måten å forstå barn på gjer det tydeleg at barn utviklar seg i relasjon med andre, og at det er vi vaksne som har ansvar for å sørge for at kvaliteten på relasjonen er god nok. Vi skal vere kompetente vaksne, som er i stand til å møte kvart einskild barn og tolke deira kjensler og behov, i tillegg til å hjelpe barnet med å vere i relasjon med andre og handtere eigne kjensler. Barnehagen skal fremje livsmestring og helse, og barnehagen skal sikre at barn opplever trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi.



Vi skal kunne vere tilstades, støtte og rettleie barna uavhengig av om dei er oppe (barnet er klar for utforskning) eller nede på sirkelen (barnet har behov for trøst, omsorg, beskyttelse og hjelp til å organisere kjenslene sine). Det er viktig at vi vaksne ALLTID er større, sterkare, klokare og gode. Når det er mogleg skal vi følge barnet sine behov, men når det er nødvendig skal vi vaksne ta tak og leie barnet. Barnehagen spelar ei viktig rolle som oppvekst- og læringsarena for barn under skulepliktig alder. Forsking syner at gode relasjonar mellom barn og vaksne har positive verknader på språk, kognisjon, læring og sosial og kjenslemessig utvikling.

MONTESORI PEDAGOGIKK I VELLEDALEN NATURBARNEHAGE SA

Barna som går på Velledalen Naturbarnehage SA er garantert plass ved Velledalen Montessoriskule AS. Vi har eit utvida samarbeid med Velledalen Montessoriskule. Skulen låner ut to av sine pedagogar og nyttar avdeling Råna til montessorigruppe for førskulebarna ein time ein dag for veka gjennom heile barnehageåret.

Mange av barna ved barnehagen startar på Velledalen Montessoriskule og vi ønskjer å førebu barna våre meir på den kvardagen som møter dei på skulen. I våre møte med personale frå ulike montessoribarnehagar og skular har vi festa oss med omgrepa konsentrasjon, respekt og sjølvstende. I Rammeplanen (2017) står det mellom anna at barnehagen skal formidle grunnleggande verdiar som felleskap, omsorg og medansvar og representere eit miljø som bygg opp under menneskeverd og retten til å vere ulike. I montessoripedagogikken møter vi i tillegg til omgrepet respekt for kvarandre respekt for alt vi omgir oss med.

Gjennom REKOMP og utviklingsarbeidet pedagogisk dokumentasjon barnehageåret 2023/2024 har vi arbeidd med «Det fysiske miljøet» på barnehagen. Noko av det som vi har arbeidd med møter vi igjen i det Maria Montessori omtalte som «det forberedte miljø».

Kjenneteikn ved eit slikt forberedt miljø kan vere:

- Aktivitetar og leikematriell er plassert slik at barna sjølv lett kan få tak i det utan å måtte spørje ein vaksen om hjelp. Dette gir barna fridom til å kunne velje sjølve.
- Alt skal ha faste plassar slik at barna veit kvar dei skal sjå når dei har bestemt seg for ein aktivitet/leik. Alt materiell skal vere intakt og klart til bruk.
- Så mykje som mogleg skal vere i barnestorleik, slik at det vert enklare å handtere. Vi ønskjer å tilby barna ordentlege materiale.
- Det finst ikkje alltid fleire eksemplar av kvar aktivitet. Dersom det er oppteke må ein vente på tur eller velje noko anna. Slik lærer ein å ta omsyn til kvarandre og vise respekt.
- Vi ønskjer å omgi oss med eit innbydande miljø. Det krev at vi har respekt for måten vi behandlar det på. Det krevst vedlikehald og vi ønskjer her at barna er delaktige i det praktiske arbeidet. Målet er at barna i løpet av barnehageåret skal få erfaringar med å delta i kvardagsaktivitetar som å lage mat, oppvask, dekke bord, rydde av bordet, sette inn i oppvaskmaskin, koste, handtere/sortere søppel, rake lauv og bere ved. Barn elsker å delta og få ansvar når det gjeld ordentleg arbeid.
- Ro og harmoni vert bestreba gjennom ulike tiltak. Dempa belysning, bruk av «levande lys» og dempa /roleg musikk .

FØRSKULEGRUPPE

I år har vi ei førskulegruppe på 7 barn. Vi legg vekt på skuleførebuande oppgåver som begrepstrening (Nyborgmodellen), konsentrasjon og ikkje minst sosial kompetanse og sjølvregulering. Dette barnehageåret vil vi også førebu førskulebarna ekstra i form av ei økt der montessoripedagogikk og aktivitetar står i fokus.

VANNTILVENNING FOR FØRSKULEBARNA

Vi held fram med vasstilvenning også i år. I år vil dette foregå i januar og februar 2027 i Velledalen symjehall og det er dagleg leiar som står for opplegget. Alt personale har godkjent livredningsprøve i basseng.



Førskuleopplegg ved Velledalen Montessoriskule AS

Ein dag i veka i om lag 6-8 veker frå kl. 09.30-11.00 er førskulebarna saman med kontaktlærar på Gruppe 1 ved skulen. Då vert dei kjende med lærarar og elevar som dei møter att i august. I tillegg vert barna kjende med montessoripedagogikken. Dette opplegget startar etter påske våren 2027.

Evalueringa frå barnehagen så langt er god. Både barn, foreldre, og personale ved barnehagen har vore nøgde med dette opplegget.

Førskuledagar ved andre skular i kommunen

For barn som startar ved andre skular i Sykkylven kommune blir barna med på den einskilde skule sitt førskuleopplegg.

Planen for overgang barnehage/skule legg opp til at det skal vere to førskuledagar i veke 21-22.

Overgang barnehage-skule

Sykkylven kommune ved skule- og barnehageeiningane har ansvar for å skape ein god overgang mellom barnehage og skule i nært samarbeid med dei føresette. Rammeplanen for barnehagar (2017) seier følgande: « Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha skriftleg samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om einskildbarn med skulen». Heile planen for overgang barnehage - skule kan lesast på heimesida vår www.velledalen-naturbarnehage.no under arkfana **praktisk informasjon – overgang barnehage-skule**.

ÅRSPLANEN, EIT STYRINGSdokUMENT

Årsplanen til barnehagen skal fungere som informasjon for foreldre/føresette, eigarane (foreldre/stiftingslag), tilsynsmynde og for andre samarbeidspartnarar. Årsplanen er eit viktig arbeidsredskap for personalet i barnehagen.

Gjennom årsplanen skal de som foreldre/føresette kunne påverke innhaldet i barnehagekvardagen. Vidare skal årsplanen vere med på å styre verksemda i ei målretta retning.

Arbeidet i barnehagen er forankra mellom anna i:

- Lov om barnehagar <http://odin.no/kd/>
 - søk barnehageloven
- Rammeplanen for barnehagar <http://odin.no/kd/>
 - søk på rammeplan
- Vedtektene til barnehagen <http://velledalen-naturbarnehage.no>
- Serviceerklæring for Velledalen Naturbarnehage SA
- FN's barnekonvensjon
- Forskrift for miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Vi ønskjer å få innspel, forslag, ris og ros frå foreldre/føresette. Med foreldre/føresette som aktive medspelarar på laget ønskjer vi å gjere barnehagekvardagen ekstra god. Med gode støttespelarar kan vi som barnehage halde fram å vidareutvikle oss på ein god måte.

Når barnet skal ta til på skulen eller sluttar i barnehagen får det med seg ein perm med bilete og teikningar barnet har laga i barnehagetida.

RAMMEPLANEN OG DEI SJU FAGOMRÅDA – KORLEIS ARBEIDER VI MED DESSE I BARNEHAGEN

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette formål og innhald i rammeplanen til pedagogisk praksis. Planen skal og vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, lek, læring og danning.

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnader. Dette gjeld også når barn har behov for ekstra hjelp eller støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som har behov for ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar om tilrettelegging for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at behova til barnet ikkje kan dekkast innanfor eit allmennpedagogisk tilbod, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkunnig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp vert inkludert i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.

Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og dei skal tilpassast til einskildbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Val av arbeidsmåtar gjer det mogleg å gjere innhaldet i barnehagen spennande og variert. Arbeidsmåtene vi vel skal skape engasjement, interesse og motivasjon hos barna.

Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal oppleve progresjon i innhaldet i

barnehagen. Barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve for leik, aktivitet og læring. Barna skal få utfordringar tilpassa sine erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheiter.

Fagområda gjenspeglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder. Fagområda skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Fagområda skal sjåast i samanheng og dei skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Verdigrunnlaget og formålet til barnehagen skal gi retning og prege arbeidet med dei ulike fagområda. Barns rett til medverknad skal ivaretakast. Leiken til barna dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med dei ulike fagområda. Barna skal utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.

Verdigrunnlaget og formålet til barnehagen skal gi retning og prege arbeidet med dei ulike fagområda. Barns rett til medverknad skal ivaretakast. Leiken til barna dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med dei ulike fagområda. Barna skal utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.



August/september Nærmiljø og samfunn	Oktober/november Kunst, kultur og kreativitet
Desember/januar Etikk, religion og filosofi	Februar/mars/april Antal, rom og form
Mai/juni Mat og helse	Heile året Natur, miljø og teknologi Språk, tekst og kommunikasjon Kropp og helse



SOLID START SYKKYLVEN – GRUNNLEGGANDE MOTORISK TRENING

I august 2016 starta Sykkylven kommune opp med prosjektet «Solid Start Sykkylven». Dette går ut på å gi alle barn i aldersgruppa 3-5 år i barnehagen motorisk trening 30 min tre dagar pr. veke. Gjennom dette prosjektet ønskjer kommunen å nå alle barn. Forskning viser at det er sammenheng mellom motorisk kompetanse og læring. Ein ønskjer å gi alle barn «eit løft» når det gjeld motorisk trening og kompetanse. Gjennom tiltak for alle, tidleg innsats og systemretta arbeid ønskjer ein med dette prosjektet å fremje helse, utvikling og læring.

Velledalen Naturbarnehage SA starta hausten 2015 med målretta aktivitet i gymsalen for alle barnegruppene på barnehagen. Hausten 2017 implementerte Sykkylven kommune prosjektet «Solid Start» i alle barnehagane i kommuna. Velledalen Naturbarnehage held fram med denne målretta satsinga som vi starta med i 2015, og frå august startar vi opp med ei økt i salen ved Velledalen grendahus igjen. Vi har som mål å gjennomføre målretta motoriske aktivitetar minimum tre dagar gjennom veka. Dette kan vere folkeviseleik, dans, rytmeaktivitetar, hinderløyper, minirøris, skiaktivitetar og vasstilvenning.



PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING.


Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon som er prega av planar, refleksjon og vurdering. I dette arbeidet vert blant anna kvalitetskrysset og læringssirkelen nytta. Utviklingsarbeid i barnehagen skal vere ein kollektiv læringsprosess.

Planlegging, dokumentasjon og refleksjon pågår kontinuerleg på pedleiar møter, avdelingsmøter og personalmøter.

KVALITETSKRYSET

Kva er bra?	Kvifor?
Kva kan bli betre?	Korleis kan vi bli betre?

LÆRINGSSIRKELEN



FELLES KOMPETANSEUTVIKLING BARNEHAGE , GRUNNSKULE OG PPT 2026/2027

Barnehagen skal gjere frå seg kompetansepakken frå UDIR som omhandlar eit fleirspråkleg barnehagemiljø dette barnehageåret. På grunn av omlegging av REKOMP må alle barnehagar i Sykkylven kommune ha same tema, og fleirtalet av barnehagane i kommunen valde då å fokusere på leikekondis. Vi har tidlegare jobba med kompetansepakken til UDIR leik i barnehagen og vi vil halde fram med å nytte denne kompetansepakken som teorioppbygging til temaet.

FORELDREUNDERSØKELSEN 2026/2027.

Gjennom UDIR kan barnehagane frivillig gjennomføre foreldreundersøkelsen. I denne brukargranskinga får foreldre og føresette seie si meining om barnehagetilbodet, barnas trivsel og samarbeidet mellom heim og barnehage. Velledalen Naturbarnehage ønskjer å vere med på denne undersøkelsen dette barnehageåret. Foreldreundersøkinga opnar i januar 2027. Undersøkelsen har om lag 30 spørsmål som tek føre seg tema om trivselen og utviklinga til barnet, samarbeid med barnehagen, informasjon og kor tilfredse foreldre er med lokale og uteareal til barnehagen.

Resultata er tilgjengelege frå februar 2027. Resultata frå brukarundersøkinga nyttast av barnehageeigar og barnehagen som ei hjelp til å vurdere og utvikle barnehagetilbodet. Barnehagen kan også nytte resultata i dialogen med foreldre. Delar av resultata vert publisert på barnehagefakta.no og udir.no.



VELKOMMEN

til Velledalen Naturbarnehage SA! «-der folk trivst er alt muleg» og vi håper de vil trivast hos oss! I august nyttar vi tida til å bli kjende med kvarandre, med barnehagen og nærområdet rundt barnehagen. August pleier å vere ein fin turmånad og i skogen byrjar blåbæra å bli modne. På bærbuskene våre kan vi kanskje plukke nokre rips og solbær. Kanskje finn vi nok bær til å lage litt syltetøy?

Språkfokus:

Hus, rom, møbel, familie, spørjeord, formene ein, ei, eit, den og det.



DET ER EIN FIN TING Å VINNE VENNER

Det er en fin ting å vinne venner

Se så lett det går til

Den som sitter ved din side

Kan du vinne med et smil

Du skal aldri mer alene

I mørke natta gå

Det er en fin ting å vinne venner Du kan gjøre det nå!



AUGUST 2026

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
33	10 PLANLEGGINGSDAG	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19 OTTO 1 ÅR	20	21	22	23
35	24 ISAK 5 ÅR	25	26	27	28	29	30
36	31						
Motorikk fokus: Grunnleggande rørsler – kinestetisk sans (rørslesansen)		 KRYPE / ÅLE	 SLENGE	 RULLE	 HOPPE	 GÅ/LØPE/SPRINGE	

I September har vi to spesielt viktige veker. Veke 36 som er vennskapsveka og veke 38 som er brannvern veka. I vennskapsveka sett vi ekstra fokus på det å vere venner. Korleis vi er ein god ven, korleis vi kan få nye venner og kva vi skal gjere om nokon føler seg utanfor. Denne månaden byrjar vi å ta opp poteter , plukke eple og sanke diverse naturmateriale.

I veke 36 har barnehagen fokus på VENNSKAP OG MOBBING.



I september arbeider vi med eventyret om «Rødhette og ulven».

Språkfokus:
Kropp,leiker,årsak og verknad

Brannvern

I veke 38 skal barnehagen for 13. året på rad vere med på den nasjonale brannvernveka.

Vi håper sjølvsagt at vi skal sleppe å oppleve brann, men vi må vere sikre på at vi kan handtere ein slik situasjon dersom han skulle oppstå. Vi arrangerer brannøving for personalet og barn. Brannøvinga skal vere så realistisk som mogleg. Vi tek difor ikkje på sko før vi går ut. Det er difor viktig at barna brukar innesko.

Kva gjer vi dersom det vert brann i barnehagen?

VARSLER – REDDER – SLOKKER

For meir råd og tips sjekk ut www.brannvernveka.no



SEPTEMBER 2026

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
36		1	2	3	4	5	6
37	7	8	9 KLARA OVIDIA 1 ÅR	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23 TURBOTRÅKK TURDAG JUNE 5 ÅR HEGE 53 ÅR	24 OLAVE 1 ÅR	25	26	27
40	28	29	30				
Motorikk fokus: Grunnleggende rørsler -kinestetisk sans (rørslesansen)		 KLATRE	 GÅ	 KASTE	 HINKE		

23. OKTOBER VERT DET FN-KAFE OG HAUSTTAKKEFEST PÅ BARNEHAGEN

Meny: Klare sjølv suppe med heimebaka rundstykker /flatbrød!

I samband med FN-dagen og hausttakkefesten brukar vi oktober på å lage ulike produkt som vi vil selje på hausttakkefesten. Her har vi fokus på heimelaga produkt, hausting, naturmateriale og gjenbruk. Elles i oktober har hausten slått inn for fullt og vi kan sjå korleis trea og veret endrar seg. Det er veldig spennande å følgje med på, og det er mykje vi kan plukke i skogen og som kan brukast til forming.

Eventyret i oktober er «Gullhår og dei tre bjørnar»



Språkfokus:

Klede, fargar, lengde, høgde, substantiv og verb



OKTOBER 2026

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
40				1	2	3	4
41	5	6 ELIAS 2 ÅR	7	8	9	10	11
42	12 STUDIEDAG	13	14	15 OLINE 5 ÅR	16	17	18
43	19	20	21	22	23 FN- KAFE	24	25 TORILD 64 ÅR
44	26	27 BASTIAN 2 ÅR	28	29	30	31	
Motorikk fokus: Stabilitet /balanse -taktil sans.		 TAKTIL SANSING	 BALANSE	 BERØRING	 BALANSE		

Allereie denne månaden startar vi førebuingar til jul. Vi planlegg kva vi skal lage til julegåve, julepynt osv. Vi vil nemleg ikkje ha noko stress i desember. Kanskje har den første snøen komen og tida er inne for aking og snømannlaging? Vintern er ei fin tid.

Språkfokus:

Mat, preposisjonar og rimord

Månedens fortelling er «den nysgjerrige musa»

Underbitt sa musa: Eg lurar så:

Kva likar dyra å spise på?

Elefanten likte alt som var rødt.

Eit deileg eple, knasande sprøtt.

Sjiraffen likte alt som var gult.

Ein banan med skal, noko så kult.

Sebraen likte alt som var grønt.

Ei saftig pære, noko så skjønt.

Løva likte underbitte mus....

Overbitt sa musa: Sett nokon, pus?

ADVENTSFRUKOST TORSDAG 26.NOVEMBER 07.30-09.00



NOVEMBER 2026

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
44							1 KJÆRSTI 60 ÅR
45	2	3	4	5	6	7	8 MIKKEL 3 ÅR FARSDAG
46	9	10	11 STUDIEDAG	12	13	14	15
47	16	17	18	19	20	21	22
48	23	24	25	26 ADVENTSFRUKOST	27	28	29
Motorikk fokus: Stabilitet /balanse -hørselssans		 TRILLEBÅRE	 PLANKE	 BALANSE	 FLYGAR	 BALANSE	

DESEMBER ER EIN SÆRS TRIVELEG MÅNAD PÅ BARNEHAGEN. Vi har ekstra fokus på å vere saman, koselege og rolege morgonar med tenning av lys og trekking av kalender. Vi har pysjdag, julebord, bakedagar og mykje anna spennande. Vi vil at førjulstida skal vere ei triveleg tid for alle.

Dei eldste barna deltek på førjulsgudsteneste for barnehagane i **Sykkylven kyrkje**.

Vi ønskjer velkommen til julefest /luciafest måndag 14. desember. Det vert luciatog og programinnslag ved barna. Gang rundt juletre og kanskje kjem nissen på besøk.

NISSEMARSJ

Fredag 18. desember kl. 08.30 går den årlege nissemarsjen av stabelen. Vi inviterer elevane og lærarane ved Velledalen Montessoriskule til å delta saman med oss. Etter marsjen samlast vi til gløgg, mandariner og julebakst ved bålpanna og grillhytta/kosebua.

Snakkepakken i desember

I desember fortel vi **eventyret om «Pepperkakemannen»**

Språkfokus:

Advent, jul, vinter, former, rekkefølge, talord som til dømes ein og første



DESEMBER 2026

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
49		1	2	3	4	5 OLIVIA 5 ÅR	6
50	7	8	9	10	11	12	13
51	14 JULEFEST	15	16	17	18 NISSEMARSJ	19	20 ERIK 2 ÅR
52	21	22	23	24	25	26 SELMA 3 ÅR	27
53	28	29	30	31 ANNA 2 ÅR	1	2	3



GODT NYTT ÅR! BARNEHAGEN OPNAR 4. JANUAR. VELKOMEN ATTENDE!

Denne månaden kan det vere vere både mykje snø og kaldt. Då er det viktig å lære seg å ta vare på fuglane. I utetida kan vi kjenne at det er kaldt og at vi må halde oss i bevegelse for å halde varmen. Kanskje har vi fyrt opp i bålpanna og på i eldstaden i grillhytta slik at vi kan varme oss litt. I januar startar vi også opp med vasstilvenning for førskulebarna.

Snakkepakken i januar


Vi fortel eventyret om «**Dei tre bukkane bruse**» i januar.



Språkfokus:
Nytt år, dyr, storleikar, rekkjefølgje
og vokalane u,y,æ,ø,å



JANUAR 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
53					1	2	3
1	4	5	6	7	8	9	10
2	11	12	13	14	15 HENNING 5 ÅR	16	17
3	18 SILJE 31 ÅR	19	20	21	22	23	24
4	25	26	27	28	29	30	31
Motorikk fokus: Koordinasjon Synssans/auge- hand koordinasjon		 BALL	 SKI	 ENGEL	 GÅ PÅ ALLE FIRE		

Denne månaden har vi fleire spennande ting som skjer, det er blant anna samefolketsdag 6. Februar. Den brukar vi å feire samstundes som vi lærer litt om samisk kultur og skikkar.

I tillegg er det karneval, fastelavn og feitatysdag. Desse tre er knytta saman og vi vil også her få lære litt om kvar desse tradisjonane kjem i frå og kvifor vi markerar dei.

I februar blir de kjende med Pilemus Silkehår, Haremann Hoppsadans, Revemor Silkesvans, Villsvinet Trynebrett, Ulven Aldrimett og Bamsefar Labbdiger i eventyret om «**Skinnvotten**».



Språkfokus:

Karneval, fastelavn, skogsdyr, temperatur.



KARNEVAL FREDAG 12.FEBRUAR

FEITATYSDAG 9. FEBRUAR

Vi serverer risengrynsgraut denne dagen!

FEBRUAR 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
5	1	2	3	4	5	6 SAMEFOLKETS DAG	7 FASTELAVN
6	8	9 FEITATYSDAG	10	11	12 KARNEVAL	13	14 MORSDAG
7	15	16	17	18	19	20	21
8	22	23	24	25	26	27	28
Motorikk fokus: Koordinasjon Synssans/auge-hand koordinasjon		 BALL	 SKI	 DANS			

I Mars startar vi forberedelsane til påske. Vi lagar påskepynt, lærer om påsketradisjonar og pyntar avdelinga til påskefrukost. I tillegg er mars første vårmånad og mykje nytt og spennande skjer i naturen. Dyra får ungar, fuglane legger egg og dei første blomane er på veg fram. Ei spennande tid ute ilag med barna.

Eventyret i mars er prinsessa på erta.




Språkfokus:
Tid, vær, mønster, samansette ord og adjektiv.

PÅSKEFRUKOST 18. mars




MARS 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
9	1	2	3	4	5	6 AMUND 2 ÅR	7
10	8	9	10	11	12	13	14
11	15 LUDVIK 5 ÅR ADINE 6 ÅR AMALIE 6 ÅR	16	17	18 PÅSKEFRUKOST	19	20	21 PALMESØNDAG
12	22	23	24	25	26	27	28
13	29	30	31				
Motorikk fokus: Munnmotorikk og vestibulær sans							
		SKRIVEDANS	PINNESPEL	RULLE	STÅ PÅ HOVUDET	RINGSPEL	

I April har fuglane verkeleg vakna til liv. Vi både høyrer dei og ser dei når vi er ute både på tur og på området. Det er også på tide å legge ein plan på kva vi vil ha i kjøkkenhagen vår i år. Dette er sjølvstendig valg som barna er aktivt med på.

No startar vi opp med førskuledagar ved Velledalen Montessoriskule AS og førskulebarna vil vere på skulen ein føremiddag i veka i 6-8 veker.

Denne månaden får vi høyre om den smarte musa som skremmer reven, ugla og slangen med **fantasivennen Gruffalo**.



Språkfokus:
Fuglar, likelydingar og verb

APRIL 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
13				1	2	3	4
15	5	6	7	8	9	10	11
16	12 ELLINOR 67 ÅR	13	14	15	16 STUDIEDAG	17	18
17	19	20	21	22	23	24 MARIANNE 40 ÅR	25
18	26	27	28	29	30	1	2
Motorikk fokus: Hoppeaktivitet -finmotorisk aktivitet		 HOPPE	 HOPPE TAU	 HOPPE PARADIS			

No yrar det av liv ute i naturen, det er skapningar under kvar ein stein og i kvart eit tre.

Det er også tid for å rydde og stelle området både i og rundt barnehagen, klippe bærbusker og frukttre og få på not. Dokke foreldre vil også verte kalla inn til dugnad.

Så er det sjølvstekt russetid og 17.Mai! Førskulebarna er rosarussar og har forskjellige knutar dei gjennomfører før nasjonaldagen.

Denne månaden har barna som skal gå på andre skular enn Velledalen Montessoriskule førskuledagar.


Denne månaden får vi høyre fortellinga om løva og musa. Dette er ei fortelling frå Æsops fabler og den handlar om samarbeid.

Språkfokus:

17. mai, rett og gale, insekt og blomster




MAI 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
17						1	2
18	3	4	5	6 KRISTI HIMMELFARTSDAG	7 STUDIEDAG	8	9
19	10	11	12 SIGRID 29 ÅR	13	14	15 PINSEFTAN	16 1. PINSEDAG
20	17 2. PINSEDAG	18	19	20	21	22	23
21	24	25	26	27 RAGNHILD 37 ÅR	28	29 TIRIL 4 ÅR	30
22	31 AMALIE 32 ÅR						
Motorikk fokus: Uteaktivitetar – ball aktivitetar		 KASTE BALL	 GØY MED BALL	 SPARKE BALL	 UT PÅ TUR	 O-LØP	

Det nærmar seg ferie for oss alle og skulestart for førskulebarna, medan nokre på småbarn skal over på storbarn og nye barn skal kome inn. Vi brukar juni på å ha besøk av dei nye som skal starte og dei eldste på småbarn får besøke avdeling Geita. Dette gjer vi for å gjere overgangane så fine som mogleg for alle. Elles i juni håper vi på fint vør, turar og leik ute i naturen.

Førskulebarna har avslutningstur til Atlanterhavsparken



Vi fortel evenentyret om «Geitekillingen som kunne telle til ti»

Språkfokus:
Sommar, ferie, eintal og fleirtal



JUNI 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
22		1	2	3	4	5 HELENA 6 ÅR	6
23	7	8	9	10	11	12	13
24	14	15	16	17	18 MARK 3 ÅR	19	20
25	21	22	23	24	25 IDA 5 ÅR	26	27
26	28	29	30	30			
Motorikk fokus: Fartsleik og ballaktivitet							

JULI 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
26				1	2	3	4
27	5 LINDA 55 ÅR	6	7	8	9	10	11
28	12	13	14	15	16	17	18
29	19	20	21	22	23 MALIN 25 ÅR	24	25 ELLINOR 4 ÅR
30	26	27 LIV ELISA 4 ÅR	28	29	30	31	1

AUGUST 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
31	2	3	4	5	6	7	8
32	9 STUDIEDAG	10	11	12	13	14	15
33	16	17	18	19	20	21	22
34	23	24	25	26	27	28	29
35	30	31					

OM VELLEDALEN NATURBARNEHAGE SA

Velledalen Naturbarnehage SA vart opna 28. oktober 2009. Barnehagen har 47 plassar for barn i alderen 0-5 år.

Velledalen Naturbarnehage SA vart stifta av ulike lag og organisasjonar tilknytta Velledalen. Stiftarane til barnehagen er Velledalen i Balanse AS, L/L Velledalen grendahus, Velledalen IL, Velledalen og Ringen Fotballag (VRF), Velledalen Skulekorps, Velledalen Ungdomslag og Velledalen Helselag.

Styret for Velledalen naturbarnehage SA :

Styreleiar: Lidvar-Andre Nilsen
(stiftarane)
Nestleiar: Ann - Helen Hole
(stiftarane)
Styremedlem: Sigrid Aurdal
(tilsette SU)
Styremedlem: Henriette Slettvoll
(foreldra)
Styremedlem: Kenneth Fet
(foreldra)

Velledalen Naturbarnehage SA ligg i nær tilknytning til Velledalen Montessoriskule AS, L/L Velledalen Grendahus med sal, scene og symjehall og grasbana på Dalemyra stadion. Vi samarbeider med Sykkylven Skjeneplatelag og har mange av hola til discgolfbana på området vårt. Med flott natur på alle kantar kan vi lett ta turen ned på vårt unike uteområde med kanin og høner, klatretre og klatreapparat, grillhytte, kosebu, sykkelveggar, bålpanner og hageområde.

I år vil barnehagen ha desse to avdelingane:

Regndalen: 1-2 åringane
Geita: 3-4 åringane og 5-åringane

Kontaktinformasjon

Velledalen Naturbarnehage SA: 455 17 817 (hovudnummer m. tasteval)

Regndalen: 452 53 078

Geita: 452 79 189

Dagleg leiar: 478 13 001

E-post

styrar@velledalen-naturbarnehage.no

Heimeside:

www.velledalen-naturbarnehage.no

Instagram og Facebook:

[Velledalen Naturbarnehage SA](#)

OPNINGSTID

Barnehagen er open frå 06.30-16.45. Ut frå behovskartlegging kan opningstida bli korta inn for å betre personaltettleiken. Barnehage vert frå august open frå 07.00-16.30. Ny behovskartlegging vert gjort i august 2025.

Vi anbefaler at barna ikkje har lengre dagar enn maks 9 timar.

Tida frå **kl. 9.00-14.00** ønskjer vi å disponere til ulike aktivitetar og turar. Har de ikkje høve til å kome til dette tidspunktet eller ønskjer å hente barnet tidlegare, gir de melding til oss. Då kan vi gjere avtale om til dømes levering og henting andre stader dersom vi er på tur, på grendahuset eller liknande.

SYKKYLVEN – TRAFIKKSIKKER KOMMUNE.

Sykkylven kommune er ei trafikkisikker kommune. Det inneber at barnehagen har forplikta seg til å arbeide med trafikkisikring gjennom barnehageåret. Tema som sikring av barn i bil og bruk av bilbelte mm er tema som vert teke opp gjennom barnehageåret.

TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT.

Teieplikta omfattar tilhøve som er av privat karakter om barn, heim, andre tilsette eller tilhøve som angår drifta. Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen får opplysningar om familietilhøva til eit barn og som kan vere av tyding for barnets opphald, trivsel og utvikling i barnehagen, jmf. bhgl.§20

Etter barnehagelova §§21-22 har barnehagepersonalet opplysningsplikt til barnehverntenesta og sosialtenesta.

PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ.

01.08.20 kom ny revidert barnehagelov. Den reviderte lova har fått eit nytt hovudkapittel som omhandlar barnehagens psykososiale miljø. Lova set nulltoleranse for mobbing og krev aktivitetspliktfrå barnehagen dersom mobbing eller mobbeåtferdskulle oppstå, jmf. bhgl. §§41-42.

SAMARBEIDSPARTNARAR.

Fagteam:

Barnehagen samarbeider med barne- og familietenestene (helsestasjon, PPT, barnevern, fysioterapeut og ergoterapeut). Vi har faste fagmøte 3 gongar pr. år

BTI- betre tverrfagleg innsats.

Sykkylven kommune er BTI kommune. BTI er ein samhandlingsmodell utvikla av Helsedirektoratet for kommunar i Norge. Målet er å sikre at gravide, barn, unge og familiar som opplever utfordringar, får tidleg og koordinert hjelp på tvers av ulike kommunale tenester som barnehage, skule, barnevern, helsestasjon og PPT. Den lokale handlingsløypa for Sykkylven kommune finn du på:

www.sykkylven.kommune.no/BTI

NNG – Nettverk for natur- og gårdsbarnehagar.

Barnehagen er medlem av nettverk for Natur- og gårdsbarnehagar. Ragnhild Strømme Josefsen er styremedlem i nettverket. Nettverket feira 10-års jubileum i år, og barnehagen har vore medlem sidan oppstarten. I år var det 3. året heile personalgruppa deltok på 2-dagars konferanse. Medlemskap i nettverket gir påfyll, erfaringsdeling og viktig motivasjon for utvikling av barnehagen.

AKADEMI MEDBROEN

Akademi Medbroen har utvikla ein kursportal som barnehagen brukar. Her har alle tilsette ein brukar, og vi kan ta ulike kurs om dyrehald, friluftsliv, mat på bål og samisk kultur. Kursa har quizar som ein må bestå. Vi er no 5 stk som har teke kurset om hønsehald. Etter gjennomført og bestått eksamen kan vi no kalle oss sertifiserte «hønsepedagogar».

BARNEHAGERUTE 2026/2027

Månad	Dagar å merke seg	Merknadar
August	Måndag 10. august held barnehagane stengt	Felles studiedag
August	Tysdag 11. august er første ordinære barnehagedag etter fellesferien	
Oktober	Skulane har haustferie i veke 41, 5.-9. oktober	Barnehagen held ope i haustferien
Oktober	Måndag 12. oktober held barnehagane steng pga studiedag	Studiedag
November	Onsdag 11. november held barnehagane stengt pga studiedag	Studiedag
Desember	Onsdag 23. desember er siste barnehagedag før jul	Barnehagen er stengt i romjula
Januar	Måndag 4. januar er første barnehagedag etter nyttår	
Februar	Skulane har vinterferie veke 8, 22.-26. februar	Barnehagane held ope i vinterferien
Mar	Påskeferie veke 12, laurdag 20. mars t.o.m måndag 29. mars. Barnehagen held stengt i påskeveka.	Første dag etter påske er tysdag 30. mars
April	Fredag 16. april held barnehagane stengt pga studiedag	Studiedag
Mai	Torsdag 6. mai: Kristi Himmelfartsdag Fredag 7. mai: Barnehagane held stengt på grunn av felles studiedag Måndag 17. mai: 2. pinsedag og 17. mai	Barnehagane held stengt 6., 7., og 17. mai Felles studiedag 7. mai

Juli	Fredag 9. juli er siste ordinære barnehagedag før fellesferien	
Fellesferie	12. juli – 8. august er fellesferie i Sykkylven	Veke 28, 29, 30 og 31
August	Måndag 9. august held barnehagane stengt	Felles studiedag
August	Tysdag 10. august er første ordinære barnehagedag etter fellesferien	

Den enkelte barnehage/samarbeidsutval kan gjere endringar i barnehageruta i samsvar med delegeringsreglane for samarbeidsutval.

